



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
04/2022	Levekårsutvalet	PS	08.03.2022
20/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
17/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/183

RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN - MANGFALD OG FORDJUPING

Vedlegg:

Rammeplan for kulturskolen Mangfold og fordjuping

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Levekårsutvalet - Sak 04/2022

LEV - Behandling:

Kulturskulerektor Sindre Andre Sortland orienterte om rammeplan for kulturskolen.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 20/2022

FPØ - Behandling:

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

«Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Kommunestyret - Sak 17/2022

KOM - Behandling:

Arne Normann, Krf foreslo at kulturskulerektor gav kommunestyret ei orientering om sitt arbeid. Ordførar svarte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

"Rammeplan for kulturskolen - Mangfold og fordypning» skal leggjast til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i Vaksdal.

Saksopplysningar:

Kort om saka

I denne saka vert det lagt fram forslag om å leggja «Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og fordypning» til grunn for drifta og utviklinga av kulturskolen i Vaksdal, samt bakgrunn og kort om rammeplanen.

Bakgrunn for saka

«Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og Fordjuping» er utarbeida på initiativ av Norsk Kulturskoleråd, og same organisasjon gjorde vedtak om godkjenning av planen på landsmøtet oktober 2014. Norsk kulturskoleråd er ein interesse-, samarbeids- og utviklingsorganisasjon for kommunar som eig og driv kulturskular. Meir enn 95% av alle kommunane i landet er medlemmar.

Det finst ikkje eit nasjonalt, politisk vedteke rammeverk for kulturskulane slik det er for bl.a. skulane og barnehagane. Til hjelp for kommunane har difor Norsk kulturskoleråd utarbeida «Rammeplan for kulturskolen – Mangfold og fordypning».

Våren 2015 vart rammeplanen sendt til kommunane saman med ein rettleiar for lokalt rammeplanarbeid til hjelp med implementeringsarbeid i kommunane. Ordførarar og rådmenn i kommunane fekk òg direktesendt eit brev med tilråding frå KS om å leggje rammeplanen til grunn for drift og utvikling av kulturskolen i sin kommune.

Målet er at kulturskulane skal utarbeida lokale læreplanar. Det er difor ynskjeleg at rammeplanen som ligg føre skal vedtakast og leggjast til grunn for drift og utvikling.

Kort oppsummering av rammeplanen:

Rammeplanen er eit grunnlagsdokument for utvikling av nasjonale standardar og lokale læreplanar for kulturskulane.

Planen inneheld fire kapittel:

Kapittel 1: Kulturskolen sitt samfunnsoppdrag.

Kapittel 2: Prinsipp og retningsliner for kulturskuleverksemd.

Kapittel 3: Fagplanane.

Kapittel 4: Mal for kvalitetssikringssystem.

Kapittel 1 forankrar kulturskulen tydelig i opplæringslova (§ 13-6) og i FN sin barnekonvensjon artikkel 30 og 31. Vidare skildrar planen verdigrunnlag, samfunnsoppdrag og målsetjingar for kulturskulen. Planen skisserer ei tydelig organisering av opplæringa med inndeling i tre opplæringsprogram: bredde-, kjerne- og fordjupingsprogram.

Kapittel 2 peiker på kommunen sitt ansvar som skuleeigar og tydinga av samarbeid om eleven si læring. Planen skildrar lærarrolla og lærarprofesjonen med klare tilrådingar om kompetansekrav både for lærarar og leiarar. Det står og om omgrepet kvalitet og kvalitetsarbeid i kulturskulen, og det vert peika på viktigheita av lokalt utviklingsarbeid.

I kapittel 3 er det retningslinjer for undervisninga i dei mest utbreidde fagtypane dans, musikk, skapande skiving, teater og visuell kunst.

Det er ein intensjon om å utarbeida lokale læreplaner i dei enkelte fag, for å utvikle felles standardar. Dei lokale læreplanane skal skildra faga i kulturskulen sitt tilbod delt inn i:

Breiddeprogrammet som har utadretta verksemd i samarbeid med skule, SFO, barnehage eller andre som hovudintensjon.

Kjerneprogrammet er eit meir typisk kulturskuleopplæringsfag med individuelle elever eller gruppeundervisning.

Fordjupingsprogrammet er for vidarekomne elevar som ynskjer å satsa meir og for eksempel søkja seg vidare til Musikk, drama og dans-linje på vidaregåande skule.

Kapittel 4 handlar i stor grad om arbeid med vurdering og kvalitetssikring. Dette er frå før ein viktig del av skulen og barnehagen sine rammeplanar.

Rammeplanen gjev ingen økonomiske føringar for kulturskulen si drift.

Lovheimel

Kulturskulen er heimla i Opplæringslova § 13-6 Musikk- og kulturskuletilbod:

«Alle kommuner skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet ellers.»

Vurdering og konsekvensar

Rammeplan for kulturskulen vil verta viktig for ei felles utvikling av skuleslaget nasjonalt fordi det i denne planen vert lagt ein del viktige prinsipp og retningslinjer. Sjølv om planen ikkje kjem til å verta vedteke som forskrift til Opplæringsloven, er det mange kommunar som vel å leggja planen til grunn for utvikling av eigen kulturskule.

Vaksdal kulturskule er inne i ein tiårsperiode med den raskaste og største utskiftinga i kollegiet på lenge, og det er venta at fleire tilsette går av med pensjon i åra framover. Dette vil føre med seg endring og fornying, og det er difor viktig med tydeleg retning og solid politisk forankring i planverket. I tillegg er kulturskulen no organisert under kultur og inkludering, og det vil vera naturleg om det har konsekvens for forventningane til kulturskulen sitt tenestetilbod. I etterkant av eit ev. vedtak vil dei tilsette i kulturskulen jobbe med utviklingsprosessar for å implementera planen.

Planen vil gjera utvikling av kulturskulen føreseieleg framover. Ikkje minst vil bevisstgjerjing omkring lærarrolla og kvalitetsarbeid få stor betydning.

Kulturskulen i Vaksdal ser det som mest føremålstenleg å prioritera breiddeprogrammet som har

utadretta verksemd i samarbeid med skule, SFO og barnehage. Då vil kulturskule i større grad vera ein kulturskule for alle.